

Fra: Eirik Herdlevær Søyland [Eirik.Soyland@bsj.uib.no]
Sendt: 4. desember 2012 09:47
Til: berit.gjerland@sfj.no
Kopi: NVE
Emne: Vedr. Søknad om bygging av Breim kraftverk i Gloppen kommune. Høyring av nytt utbyggingalternativ m.m

NVE ref: NVE 200901128-162 kv/jaso

Vedr. Søknad om bygging av Breim kraftverk i Gloppen kommune. Høyring av nytt utbyggingalternativ m.m. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser ti brev frå NVE dagsett 17.10. 2012.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne i nærleiken av alternativ C i Gloppen kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me ser også at søknaden syner avgrensa tiltak i sjø og vassdrag med mellom anna massedeponi på land istadenfor i Breimsvatnet.

Museet har derfor ingen merknader til alternativ C. Dersom massedeponi i Breimsvatnet vert aktuelt syner me til tidlegare fråsegn dagsett 19.05. 2011 v/ Elling Utvik Wammer og nemner at det kan bli aktuelt med marinarkeologiske undersøkingar, jfr. Lov av 9. juni 1978 nr 50. om kulturminne, §§ 9 og 14.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland
Saksbehandlar Marinarkeologi
55 54 96 04
marinarkeologi@bsj.uib.no